



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Kommunestyret	24.02.2026	

Energistasjon og døgnkvile for tunge kjøretøy, samt utviding av næringsareal

Vedlegg

- 1 uttalelse Mesta ladestasjon Åmot
- 2 uttalelse Vy Buss ladestasjon Åmot
- 3 SV Uttale - Lokasjon ladestasjon tunge kjøretøy Åmot (Vinje kommune)
- 4 Nor-Log Lading Åmot
- 5 Uttalelse om behov for døgnhvileplass og grønn energistasjon

Dokument i saka

Formannskapssak 90/2025
Kommunestyresak 105/2025

Bakgrunn

Det vart i Kommunestyret den 16.desember 2025 vedteke å sende den saka attende til administrasjonen for meir utgreiing og avklaring frå næringa og det andre aktørar meiner.

Vurdering

Følgjande har kome med uttale:

Norges Lastebileier-Forbund (NLF), Hustveit og Skeie transport AS, NOR-LOG, Mesta, VY.

Det er litt ulike uttaler, men i hovudsak er alle positive til ein døgnkvileplass med tillegg i å vera ein energistasjon. Men det er òg nemnt at krysset inn på E134, kan vera utfordrande nokre dagar av året. Mesta meiner at det skal ikkje så mykje til for å gjera utbetring, slik at det blir mindre vanskeleg.

Saka er ikkje endra slik at det er framleis vedtaket frå formannskapet som står ved lag.

Vedtaket i **formannskapet** den 27.11.25, er slik:

Vinje kommune set av ei ramme på kr 8 mill. til erverv av arealet ved Dalsvegen, med vilkår om at det føreligg skriftelege avtaler med grunneigarar og aktørar i høve til pris, arealbruk m.m., før ein går til erverv.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak